



Kontaktprosedyre ved sjukdomsrelatert fråvær frå vidaregåande opplæring

I møte mellom Høyanger kommune og rektor ved Høyanger vidaregåande skule er det kome til semje om følgjande prosedyre ved sjukdomsrelatert fråvær frå opplæringa. Denne rutina gjeld dei som har fastlege i Høyanger.

- Eleven sjølv skal ringe til legesenteret og melde frå om sjukdom til legesekretær/sjukepleiar tlf. 57 71 39 00.
- Legesekretær/sjukepleiar spør eleven om tilstanden.
- Er det medisinsk grunnlag for legetime får eleven legetime same dag. Erklæring vert då skriven ut som ein del av konsultasjonen.
- Er det medisinsk grunnlag for fråvær, men ikkje for legetime, vert årsaken til fråværet journalført.
- Eleven vert ført opp i timeboka til fastlege med merknad «attest». Legen sjekkar notatet i løpet av dagen. Om legen finn grunn for å ta inn eleven til legetime eller få meir informasjon, vert eleven kontakta av fastlegen.
- Er det ikkje medisinsk grunnlag for fråværet, er det ikkje grunnlag for legeerklæring.
- Om fråværet strekker seg over fleire dagar, må eleven ringe legesenteret og informere om fråværet kvar dag og det vert journalført.

Ser eleven mot slutten av terminen at det er behov for legeerklæring for å dokumentere fråvær, må elev bestille legetime for dette hjå sin fastlege. Fastlegen vil då skrive ein samla legeerklæring for det fråværet som tidlegar er dokumentert i eleven sin journal. Ikkje-dokumentert fråvær og fråvær utan medisinsk årsak kan det ikkje skrivast legeerklæring for.

Høyanger, 6. mars 2018

Svein Gunnar Sivertsen, kommuneoverlege